

## Årsrapport Hareid IL – turnlaget 2023

2023 var første heile driftsåret vårt i Basishallen. Vi har hatt aukande aktivitet gjennom heile året og svært mykje fungerer godt i den nye hallen.

Vi har hatt ein del arbeid med å formalisere bruksreglar, utlånsreglar og reglement for bruk av fellesareala, men det ser ut til å fungere bra slik vi no har satt opp. Norlandia barnehage gir gode tilbakemeldingar på si avtale. Driftstyre for hallen der dagleg leiar i idrettslaget, leiar i hovedlaget og leiar i turnlaget er etablert.

Mykje er på plass i hallen men nokre reklameskilt kjem opp i 2024. Vstor gjennomgani har hatt gjennomg av alle avtalar som er gjort inn mot Basishallen og laga oppsett som gjer at vidareføring av avtalar og reforhandlingar kan gjerast enkelt framover.

Vi har hatt fleire arrangement i hallen med mykje publikum tilstades. Dette har gitt oss gode inntekter. Vi har gjennomført Spondlotteri, flaskeinnsamling og ein del dugnadsarbeid i tillegg til arrangementa.

Vi har fått ekstra sponsormidlar til nokon av arrangementa og dette har vore viktige inntekter. Svært mange driv mykje dugnad kvar einaste veke i hallen; som trenar, i støtteapparat, med reinhald, i styret eller arrangementskomite. Vi må takke alle for svært sterk og god innsats for turngruppa og Basishallen.

Vi har også søkt på mange typar midlar og fått ein del inntekter. Vi har også blitt tildelt nokre prisar. Alle detaljar finn ein i rekneskapen vår.

Aukande renter og høg straum har gitt høge utgifter. Vi har likevel hatt eit godt økonomisk driftsår.

Styret i turngruppa hadde totalt 7 styremøter i 2023 (+ årsmøte). Styret behandla totalt 44 saker i 2023.

I tillegg til dei ordinære styremøta blei det holdt fleire møter i forbindelse med ulike arrangement.

Vi har deltatt med gymnastar på både regionale og nasjonale konkurransar. Vi fekk stemneprisen på barneturnstemnet som er det store breiddearrangementet i kretsen. Vi har også hatt en kvalifisert gymnast i norgesfinala og som då representerte Møre og Romsdal. Vi arrangerte dei første nasjonale konkurransane i regi av Møre og Romsdal på mange tiår. Norges beste kvinneturnarar var her over to helgar og konkurrerte om uttak til nordisk meisterskap. Arrangementa var så vellykka at landslagstrenar ynskjer samlingar framover i hallen vår. Den første er planlagt august 2024!

Vi har hatt stor auke i aktiviteten og har etablert tilbod for alle aldersgrupper for born og ungdom i klubben vår. Vi har også hatt oppstart av treningsgrupper for vaksne.

Trenarane gjer ein svært god og viktig jobb i klubben og er vår viktigaste ressurs. Vi har fleire trenarar som har Rrenar 1 kurs, og fleire er på veg dit. Vi har også fleire trenarar som har gjennomført dommarutdanning og vi kan skilte med å kunne stille både internasjonal dommar, nasjonale dommarar og regionsdommarar frå klubben vår.

Styret ynskjer å takke for all innsats i 2023! – den har vore formidabel.

For styret  
Berte Holstad Engen  
- Leiar

Budsjett og aktivitetskalendar for 2024 er satt og vi ynskjer alle eit godt turnår i 2024.